

Karmøy kommune
Pb. 167
4291 Kopervik

Dykkar referanse:
21/2267-4
Dato: **18.05.2021**
Saksnr.: **2021/32836**
Dok.nr.: **4**
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 120 bnr 123 - dispensasjon - nybygg naust og brygge - Ramsvikvegen, Tuastad – fråsegn vedrørende kulturminne

Fylkesrådmannen viser til søknad om etablering av naust og brygge på gnr 120 bnr 123 i Karmøy kommune.

Det omsøkte naustet ligg i eit område som er regulert til felles naust. Omsøkt naust er plassert i område regulert til friluftsføremål og småbåthavn. Det er søkt om dispensasjon frå arealbruken i reguleringsplan, samt plan- og bygningsloven (pbl.) § 1-8, vedrørende forbod mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen. Det er også søkt om dispensasjon frå planbestemmingane § 7 vedrørende etablering av eitt felles naust i staden for 7 små.

Fylkesrådmannen, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Det ligg eit automatisk freda kulturminne, busetnads-/aktivitetsområde ID 148168 om lag 45 meter nordaust for der nausta er regulert inn. Dette er eit kulturminne som ikkje er synleg over bakken og om det vert ført opp eitt stort eller 7 små naust, vil etter fylkesrådmannens vurdering ikkje ha noko å seie for dette kulturminnet. Fylkesrådmannen har på bakgrunn av dette ingen merknader til søknaden.

Helsing
Leif Håvard Lundø Vikshåland
leder (adm)

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent. Oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.

